



Ronny Larsen

Dykkar ref.:

Vår ref.:

20/224 - 29 / CMS

Dato:

21.10.2021

## Kommunens ulovlighetsoppfølging - gbnr 131/6 - Fonnes

Me synar til motteke klage motteke 18.01.2021.

Eg kan også opplyse om at det er motteke tillegg til klagen frå anna part. Dette vil bli handsama saman.  
Når det gjeld dine konkrete spørsmål kan eg gje førebels svar på dette.

Spørsmål 1 Hva er Austrheim Kommune sin plan for oppfølging av de ulovligheter som kommunen løpende er blitt gjort oppmerksom på i veisaken på Fonnes ?

Svar: Kommunen handsamar innmeldte ulovelegheiter så raskt som me kan. Eg planlegg synfaring i neste veke på denne saka. Eg har ikkje vore involvert i saka tidlegare, så eg kan sjå på saka med nye øyne.

Spørsmål 2 Hva er tidsplanen for eventuell videre prosess og vedtak i saken?

Svar: Det føreligg ikkje ei konkret tidsplan for den vidare prosessen i saka. Enkelt forklart er dette fordi det er vanskeleg å planlegge konkret, ettersom eg har mange arbeidsoppgåver i kommunen og mi arbeidskvardag kan endre seg umiddelbart. Når det er sagt er dette ei sak som ikkje kommer til å ligge i ro hjå kommunen til over nyttår. Eg har allereie planlagt at viss det skulle bli behov for politisk handsaming av saka så er dette i utgangspunktet satt opp til å bli handsama i formannskapet den 25.11.2021. Viss det skulle vere tilfelle så har eg ei skrivefrist 11.11.2021 i saka. Dette er berre for å illustrere saksgangen.

Spørsmål 3 Er det tidsfrister knyttet til kommunens vedtak i saken og/eller på-klagning av et avvisningsvedtak til Statsforvalteren i Vestland?

Når det gjeld tidsfristar i ulovlegheitsoppfølging så er dette ikkje heilt rett fram. Kommunen har som du påpeke plikt til ulovlegeheitsoppfølging jf. pbl. § 32-1. Men klagar man på det man opplever som manglante oppfølning av ulovlegheiter etter plan- og bygningslova må ein gjere en konkret vurdering:

Det må føreligge eit enkeltvedtak for at ein kan ha noko å påkлага, ettersom det uttrykkeleg er presisert at det er «*Enkeltvedtak*» som kan påklagast, jf. forvaltningslova. § 28.

Eit «*enkeltvedtak*» er ein avgjørelse som er treft under utøving av offentleg myndigkeit og som generelt eller konkret er bestemmande for rettigheitar eller pliktar til ein eller fleire bestemte personar, jf. forvaltningslova § 2 bokstav B, jf. bokstav a.

Kommunen har ein plikt til å følgje opp ulovlegheitar etter plan- og bygningsloven § 32-1 første ledd:

*«Kommunen skal forfølge overtredelser av bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven.»*

Spørsmålet om kommunens forfølging av overtredelser etter plan- og bygningsloven § 32-1 kan påklagast av innbyggjarane kvile dermed på om kommunens avgjerder om ulovlegheitsoppfølging er eit «enkeltvedtak» etter forvaltningslova.

I forarbeida til loven kjem det fram at plan- og bygningsloven § 32-1 ikkje er ment å gje enkeltpersonar noko rettighitar og at ei avgjerd om ikkje å forfølge ulovlegheitar *ikkje* er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b, jf. bokstav a. Dette vert presisert i Ot.prp. nr. 45 (2007-2008) s. 172:

*«Regelen skaper imidlertid ikke rettigheter for andre, og private rettssubjekter får således ikke rettskrav på at kommunen skal forfølge ulovligheter. En beslutning om ikke å forfølge en ulovlighet er ikke et enkeltvedtak.»*

Dette er videre påpekt i dei same forarbeida til plan- og bygningslova § 32-1 på s.352:

*«Selv om uttrykket ‘skal’ er benyttet, er det ikke ment å skape rettigheter for andre. Ingen private rettssubjekter har rettskrav på at kommunen forfølger ulovligheter.»*

Etter dette må det leggjast til grunn at kommunens avgjerder vedrørande ulovlegheitsoppfølging etter § 32-1 første ledd ikkje er «bestemmende for rettigheter og eller plikter til en eller flere personer».

Kommunens avgjerder vedrørande ulovlegheitsoppfølging etter § 32-1 første ledd er dermed *ikkje* eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b, jf. bokstav a.

Ettersom det ikkje førelegg eit enkeltvedtak kan ein heller ikkje ha klagerett på slike avgjerder vedrørande ulovlegheitsoppfølging etter forvaltningslova § 28 første ledd.

Det følg vidare av forvaltningslova § 33 andre ledd tredje punktum at:

*«Dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal underinstansen avvise saken»*

Ettersom det ikkje førelegg eit enkeltvedtak i saka må konklusjonen vere at ei eventuell klage vil bli avist på grunn av manglande klagerett. Likevel slik at ei avvisning frå kommunen vil vere eit enkeltvedtak som kan påklagast. Her vil den alminnelege klagefristen på tre veker gjelde for dei som har klagerett.

Dette betyr likevel ikkje at kommunen berre kan vere passiv i slike saka. Som sagt så planlegg eg ein synfaring i neste veke. Men me kan gjerne snakkast på telefon om dette viss noko vert uklart. Det optimale er at kommunen får med seg både klagande part og innehavar av løyve. Men synfaring blir det i alle høve.

Eg vonar dette vart litt opplysande.

Med helsing

Christopher Marius Straumøy  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Mottakere:**

Ronny Larsen